



NVE  
Postboks 5091  
0301 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/258 - 18/2194

Saksbehandlar:  
Ove Sæbø  
ove.sebo@modalen.kommune.no

Dato:  
18.10.2018

## Innspel om viktige regionale interesser til nasjonal ramme for vindkraft på land

Modalen kommune viser til brev frå NVE d. 08.06.18 kor det vart bede om innspel til nasjonal ramme for vindkraft på land.

Modalen kommune sine faglege innspel er som følgjer:

### 1. Stølsmiljø

Modalen har mange intakte stølsmiljø, med bygningar og stølsvollar. Desse ligg opp i frå dalen mot fjellet og har ein viktig lokal og regional kulturhistorie. Stølsmiljøa har mange kulturhistoriske verdiar og er ein viktig del av kulturmiljøet.

Det blir færre av dei stølsområda kor ein kan sjå samanheng/spor mellom den drifta som har vore på staden og dei bygningane som står. Enkelte av desse stølane har vorte sikra, men det er mange stølar som ikkje er sikra og som har kulturhistorisk verdi.

### 2. Utmarksbeite

Det er i Modalen fleire beitelag og eit betydeleg tal sau og lam på fjellbeite. Dette er ein viktig ressurs for landbruket, og tilgangen på gode sommarbeite er ein ressurs for mange gardsbruk. Fjellbeite av Modalen vert nytta av innanbygdsbuande, men det kjem fleire dyr frå regionen rundt. Difor er fjellbeite viktig for mange bønder som ikkje driv sin gard i Modalen. Det vart i 2017 slept over 3600 sau og lam i Modalen kommune. Oversikt og statistikk over beitelag er tilgjengeleg i NIBIO kartet Kilden, kartlag Arealinformasjon/beitelag.

### 3. Naturvernområde

Det er registrert 4 naturvernområde i Modalen, 3 naturreservat og eit landskapsvernområde. Stølsheimen landskapsvernområde ( ID: VV00001806) omfattar Modalen, Vaksdal, Voss, Høyanger og Vik. Verneformål er vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap.

Otterstadstølen naturreservat (ID: VV00001069) Formålet med fredinga er å ta vare på den vestligaste naturgranskogen i Noreg. Det ligg også eit stølsmiljø i naturreservatet.

Hestabotn naturreservat (ID VV00001059) Området vart verna for å ta vare på ein unik førekomst av barlind, som saman med Flotaneset naturreservat ligg langt frå andre kjente barlindførekomstar.

Flotaneset naturreservat (ID: VV00001057) Området blei verna for å ta vare på ein unik førekomst av barlind, som saman med Hestabotn naturreservat ligg langt frå andre kjente barlindførekomstar.

#### **4. Villrein**

Modalen kommune vedtok i 10.11.2018 ein interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde. Fjellheimen villreinområde omfattar kommunane Voss, Vaksdal og Modalen i Hordaland fylke og Aurland, Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane fylke. I tillegg kjem Masfjorden kommune i Hordaland fylke med areal som er tidvis nytta av villrein. Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde er vedteken i alle dei kommune Fjellheimen villreinområde omfattar. Norsk Institutt for Naturforskning (NINA) var engasjert for å utarbeide det faglege grunnlaget for kommunedelplanen (NINA rapport 411-2008).

Bakgrunnen for den interkommunale kommunedelplanen var å få ein heilskapleg forvaltning av villreinstamma som omfatta og var forankra i alle kommunane. Den totale bæreevna for området er vurdert til å vere forholdsvis låg, med vinterbeite som den viktigaste minimumsfaktoren. Kommunedelplanen har som føremål å sikra leveområdet og levevilkåra for villreinen på kort og lang sikt. Kommunedelplanen skal vere det overordna planverktøyet for kommunane i forvaltninga av villreinstamma og skal vera styrande for den framtidige arealbruken i området. Delar av fjellområda som kommunedelplanen omfattar er i dag utbygd/regulert til vasskraftkraftproduksjon. Både kraftutbygging og kraftliner er difor eit av fleire tema i kommunedelplanen.

#### **5. Friluftsliv**

Analyseområdet ein no ynskjer innspel til er eit ope fjellandskap i Stølsheimen prega av friluftsliv. Det inneber m.a. ei mengde turstiar, turlagshytter, rekreasjon, reiselivsinteresser og med eit biologisk mangfald.

Med helsing

Ove Sæbø

Assisterande rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Mottakere:**

NVE

Postboks 5091

0301

OSLO